

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG
Norge

Vår sakshandsamar
Geir Totland
996 42 600

Vår dato
02.02.2022
Dykkar dato
17.01.2022

Vår referanse
21/00921-15
Dykkar referanse
20/17126 - 22/3716

Ang. Avslag på søknad om skadefelling av hjort - gbnr. 493/4-5-6 og 8, Straume

Kommentarar til Alver Kommune sitt avslag på skadefellingssøknad frå Nordanger hjortevald og støtte til deira klage på avslaget.

Slik vi kjenner situasjonen i Nordanger hjortevald er det semje i at det er stor beiteskade av hjort, og med grunnlag i NIOBI sin rapport er vinterbeiting ein vesentleg del av skadeproblemet og dermed ein vesentleg grunn til det økonomiske tapet.

Med dette vil vi be Alver kommune å vurdere korleis skadefelling kan gjerast i dette området for å hjelpe på eit akutt problem.

I avslagsdokumentet skriv Alver kommune i grunngjevinga til avslag:


Administrasjonen er dessverre nøydd til å gjev avslag på søknad fordi:

Skade på avling skjer i vekstsesongen, og i mindre grad resten av året. Skadefelling av hjort på grasproduksjonsareal utanfor ordinær jakttid vert vanlegvis berre gitt løyve til i vekstsesongen. Før kommunen kan gje skadefelling skal det vera påvist betydeleg økonomisk tap. I og med att det no er vinter ser ikkje kommunen att dette vilkåret er oppfylt.

BIOFORSK/NIBIO rapport

Bioforsk Rapport Vol. 9 Nr. 172 2014: Kostar hjorten meir enn han smakar?
Del 2. Skader og skadeomfang av hjortebeiting i fulldyrka eng

Denne tabellen tatt inn på side 14.



I dei feltforsøka som var gjort i denne samanhengen syner det at **om lag halve avlingsreduksjonen kjem på område med vinterbeiting av eng.**

Tysdag 25.januar 2022 vart det gjennomført ei teljing på Straume gnr. 493. av Hogne Straume m.fl.

Det hadde vore brukbart vær ut over ettermiddagen, men medan eg tok fjøsstellet, hadde det vore byger. Me valde likevel å forsøkja ei lita teljing. Då var klokka ca. 20.30. Me konsentrerte oss om bruka 5,6 og 7. På bnr.7, rakk me berre ein teig før bygeværet satte inn att. Då gav me oss.

Sidan har me hatt korona.

Teljeresultat: Bnr. 5: 6 dyr. bnr. 6: 14 og bnr. 7: 5. Altså totalt 25. dyr på to og eit halvt bruk, under dårlege tilhøve for god teljing.

Då me gav oss var klokka 21.15. Dei siste dyra me såg på bnr.7, låg på bakken og togg drøv.

Eg legg ved eit bilete som eg tok av dyr på heimabøen til bnr. 6 medan me var på teljing og nokre fleire som leigebuarane våre har teke nedanfor fjøsen vår dei siste vekene.

Med helsing Hogne Straume

(Fleire bilete er tilgjengeleg)





Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Geir Totland